

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2016/EØS/65/46

av 29. mars 2012

om endring av vedtak 1999/94/EF om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til prefabrikkerte varer av vanleg betong, lettbetong eller trykkherda lettbetong

[meld under nummeret K(2012) 1977]

(2012/202/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, særleg artikkel 13 nr. 4 bokstav a),

etter samråd med Det faste byggeutvalet og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonen gjorde 25. januar 1999 vedtak 1999/94/EF om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til prefabrikkerte varer av vanleg betong, lettbetong eller trykkherda lettbetong⁽²⁾.
- 2) Vedlegg III til vedtak 1999/94/EF bør endrast for å tilpasse systema for samsvarsattestering av golv og golvement av bjelkar/plater som inneheld organisk materiale, til den tekniske utviklinga for å ta omsyn til bruk som er underlagd reglar for yting ved brannpåverknad, ettersom

det bør sikrast ulike former for inngrep frå tredjemann, alt etter kva framgangsmåttar og materiale som er nytta i produksjonen.

3) Vedtak 1999/94/EF bør difor endrast —

TEKE DENNE avgjERDA:

Artikkel 1

Vedlegg III til vedtak 1999/94/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 29. mars 2012.

For Kommisjonen

Antonio TAJANI

Visepresident

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 109 av 21.4.2012, s. 22, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 98/2015 av 30. april 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 42 av 4.8.2016, s. 37.

⁽¹⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

⁽²⁾ TEF L 29 av 3.2.1999, s. 55.

VEDLEGG

I vedlegg III til vedtak 1999/94/EF vert følgjande tekst lagd til:

«VAREGRUPPE

GOLV OG GOLVELEMENT AV BJELKAR/PLATER SOM INNEHELD ORGANISK MATERIALE**System for samsvarsattestering**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle harmoniserte europeiske standardane:

Vare(r)	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattestering
Golv og golvelement av bjelkar/plater som inneheld organisk materiale	Til bruk som er underlagd reglar for yting ved brannpåverknad	(A1, A2, B, C)(*)	1
		(A1, A2, B, C)(**), D, E	3
		(A1 til E)(***), F	4

System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

(*) Varer eller materiale der det på eit klart atkjenneleg stadium i produksjonsprosessen finn stad ei betring av klassifiseringa med omsyn til yting ved brannpåverknad (t.d. tilsetjing av brannhemmande middel eller ei avgrensing av organiske materiale).

(**) Varer eller materiale som ikkje er omfatta av fotnote (*).

(***) Varer eller materiale der ytinga ved brannpåverknad ikkje treng prøvast (t.d. varer eller materiale i klasse A1 i samsvar med kommisjonsvedtak 96/603/EF (TEF L 267 av 19.10.1996, s. 23)).

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst ein medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.»